
Fra: fmhopostmottak@fylkesmannen.no
Sendt: 26. oktober 2016 16:27
Til: Postmottak Lindås
Kopi: hfk@hfk.no; firmapost-vest@vegvesen.no
Emne: Fråsegn - Lindås - Gnr 188 bnr 772 mfl - Detaljreguleringsplan for Langheiane felt B8 og B9 - Offentleg ettersyn

Vi viser til brev av 26.09.2016, dykker ref. 16/371-16/26558, med høyringsfrist 09.11.2016.

Saka gjeld offentleg ettersyn av detaljreguleringsplan for Langheiane felt B8 og B9.

Føremålet med planarbeidet er å legge til rette for etablering av bustader i blokker på mellom 3 og 5 etasjar, med opp til 140 bustadeiningar totalt.

Vurdering

Fylkesmannen er i utgangspunktet positiv til utbygging av bustadområde i sentrumsnære område, i samsvar med prinsippet om samordna bustad-, areal- og transportplanlegging. Vi legg vekt på at planområdet er avklart i kommunedelplan for Knarvik-Alversund og regulert i områdeplan for Knarvik Aust.

Eitt av dei overordna måla for planområdet er terrengtilpassing, og at høge støttemurar skal unngåast. I følgje reguleringsføresegn § 1.2.3 skal murar ikkje vere høgare enn 1,5 meter, men det kan etablerast høgare murar inn mot fjellskjeringar. Fylkesmannen meiner denne føresegna gjev ei lite presis styring for utforming av murar, og ber kommunen stille tydelege krav til byggetiltaka. Elles finn vi at det er eit grundig og godt dokumentert planframlegg som kommunen har lagt ut til offentleg ettersyn.

Det er utarbeidd tenlege illustrasjonar for korleis utbygginga kan sjå ut. Dersom det er ønskjeleg å etablere felles tunløysing i BKS2, bør strukturen sikrast i reguleringsføresegnene.

Plankartet manglar rutenett.

Fylkesmannen har elles ingen merknader til planframlegget, og vi ønskjer lykke til vidare med planprosessen.

Med helsing

Christian J. Alstad
seniorrådgjever, Kommunal- og samfunnsplanavdelinga
Fylkesmannen i Hordaland